
Framskriving av talet på brukarar av hjelpemiddel 2024–2050

© NAV juni 2025

EIER

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 354
8601 Mo i Rana

Rapporten er tilgjengelig på www.nav.no/analyser

ISBN: 978-82-551-2555-6

ISSN: 1891-005X

.....

Framskriving av talet på brukarar av hjelpemiddel 2024–2050

Av: Sigurd Gjerde

Nav-rapport 2025: 7

.....

Innhold

Samandrag	5
Innleiing	6
Om framskrivingar	6
Data og metode	7
Utviklingstrekk i befolkinga	7
Folketalsutvikling 2024–2050, relevans for brukartilgang til hjelpemiddelsentralane	7
Fødselstal	7
Levealder	8
Innvandring	8
Innanlands flyttmønster	8
Årleg tilgang på hjelpemiddelbrukarar 2024–2050, heile landet ..	9
Årleg tilgang på hjelpemiddelbrukarar 2025–2050, framskriving per fylke	9
Årleg tilgang på hjelpemiddelbrukarar 2025–2050, kommunegrupper	10
Storbyar	11
Bynære nabokommunar til storbyane	11
Mellomstore byar og tettstader	11
Mindre sentrale kommunar og kommunegrupper	12
Kva type hjelpemiddel vil det vere meir behov for framover? ...	12
Framskriving av kostnader til kjøp av hjelpemiddel	13
Framskriving årleg brukartilgang ortopediske hjelpemiddel ...	13
Framskriving årleg brukartilgang for andre stønader	14
Konklusjon	14
Referansar	15
Vedlegg	16
Statistikk for folketal og brukartilgang fordelt på fylke	16
Grafiske framstillingar av framskrive årleg brukartilgang etter aldersgrupper, per fylke	18
Kommunar og kommunegrupper	26

Samandrag

Denne rapporten presenterer dei nyaste framskrivingane for årleg tilgang av brukarar av hjelpemiddel for personar med funksjonsvanskar. Det er gjort framskrivingar på nasjonalt nivå, for fylke, og kommunar eller kommunegrupper.

Demografien i Noreg er i endring, og det blir ein stadig høgare del personar i dei eldre aldersgruppene. Det blir ein varig endring. Det vil auke presset på helse- og omsorgstenester, og vil i den forbindelse også bety ein auke i talet på personar som vil ha behov for hjelpemiddel for å kunne ha eit fullverdig liv.

Statistisk sentralbyrå (SSB) sine folketalsframskrivingar er nytta som grunnlag for framskrivingane. I tillegg nyttast ein erfaringsbasert faktor for omrekning av kvar tiårige aldersgruppe til ein sannsynleg brukartilgang per år. Denne faktoren er berekna som den prosentdelen av folketalet som er brukarar ved hjelpemiddelsentralane i 10 ulike årsklassar (0–9 år, 10–19 år osv.) i 2024. Prosentdelen for kvar årsklasse blir deretter vidareført for alle år i framskrivinga. Det er laga framskrivingar til 2050. Likevel er alle framskrivingar usikre, med omsyn til talet på brukarar og aldersfordeling. Det er eit omtrentleg uttrykk for den demografiske faktoren sin betydning for brukartilgangen. Andre faktorar kjem i tillegg.

Framskrivingane syner ein auke i talet på brukarar på 15 prosent til 2030, 40 prosent til 2040 62 prosent til 2050. Det er dei eldre aldersgruppene som vil utgjere heile denne auken. Spesielt aldersgruppene over 80 år vil utgjere ein hovuddel av auken.

Tilpassing av bustad vil vere ein nøkkelfaktor framover. Også andre arenaer blir av betydning for at brukarar skal ha eit sosialt liv.

Det er forskjellar i brukartilgang mellom fylke. Dei demografiske faktorane slår forskjellig ut.

Det er også store forskjellar mellom ulike typar kommunar. Større byar og nabokommunane rundt desse vil ha størst vekst framover. Mindre sentrale kommunar vil ha lågare auke i brukartilgang.

For ortopediske hjelpemiddel ser det annleis ut. Hovudtyngda av brukarane er ein del år yngre enn for andre hjelpemiddel. Den sterkaste auken som følgje av aldring i befolkninga har vi allereie hatt på dette området, og veksten framover blir meir moderat.

Innleiing

Demografien i Noreg er i endring. Ein stadig større del av folketalet vil vere i dei eldre aldersgruppene. Det er eit utfordring vi har felles med mange land, spesielt i Europa og Asia. Konsekvensane av dette vil vere mangel på arbeidskraft, og auka press på helse- og omsorgstenester. Dette vil vere ein ny og varig situasjon. Det vil krevje nytenking omkring måtar å møte utfordringa på. Når vi går inn på det avgrensa området hjelpemiddelformidling, så har vi som føresetnad at vi framleis skal ha den same organiseringa som i dag, men at metodar og dimensjonering må tilpasse seg til framtidige behov.

I det følgjande presenterer vi dei nyaste framskrivningane av talet på hjelpemiddelbrukarar per år. Dei er basert på Statistisk sentralbyrå (SSB) sine folketalsframskrivingar frå 2024 (*Tømmerås og Thomas 2024*). Med hjelpemiddelbrukarar meiner vi i denne samanheng unike personar som i løpet av eit bestemt år får utlån av eit eller fleire hjelpemiddel frå Navs hjelpemiddelsentralar. Døme på slike hjelpemiddel er hjelpemiddel for undervisning og trening av ferdigheiter, for bustadtilpassing, ganghjelpemiddel og hjelpemiddel til personleg pleie og hygiene. Kontantyttingar og tenester – som til døme tilskot til bil og høyreapparat eller tolkehjelp for svaksynte og høyrselshemma – blir ikkje talt som utlån. Brukarar med kontantyttingar og tenester inngår dermed ikkje i framskrivingane. Brukarar som får hjelpemiddel av kommunen inngår heller ikkje.¹

Vi har lagt hovudvekt på framskriving av tilgang hjelpemiddelbrukarar for åra 2030, 2040 og 2050. Framskrivningar av talet på hjelpemiddelbrukarar kan gjerast for kvart fylke, eller kommune, om det er ønskeleg. I denne samanhengen er det gjort framskrivingar nasjonalt og på fylkesnivå, og i tillegg på kommunegrupper. Vi har sett det som lite hensiktsmessig å gjere framskrivingar for alle kommunar separat på grunn av at einingane ofte blir for små. Vi presenterer difor dei større kommunane separat, og har gruppert dei mindre kommunane.

Vi er interessert i kommunenivået fordi vi antar det kan vere stor variasjon i brukartilgang mellom ulike kommunetypar. Vi har her nytta grove kategoriar av kommunetypar, som storbyar, bynære omlandskommunar, mindre byar og tettstader, og lite sentrale distriktskommunar. Store forskjellar i folketalssamansettjing kan gi utslag i ulikt aldringsmønster, og medfølgjande ulike behov for helse- og omsorgstenester framover. Resultata av framskrivingane syner store forskjellar mellom fylka i anslått brukartilgang dei neste åra.

Om framskrivingar

Alle framskrivingar av bestemte forhold bygger på allereie kjende tendensar, og fører desse i stor grad vidare. Resultata må tolkast meir som retninga av forventta utvikling enn som eksakte tal. Føremålet er ikkje primært å treffe eksakt på til dømes talet på brukarar i ei ordning i 2030 eller 2040, og i alle fall ikkje så langt fram som 2050. Til det er usikkerheita for stor, og andre faktorar vil få innverknad. Framskrivningane må oppdaterast og justerast med jamne mellomrom. Som nemnd i Navs omverdsanalyse (*Nav 2025b*), kan veksten framover mellom anna bli dempa av at eldre får fleire friske levekår. Samstundes kan lengre butid heime føre til auka etterspurnad etter hjelpemiddel. Endringar i brukarforventingar og at teknologisk utvikling kan auke tilbodet av gode hjelpemiddel, kan trekkje i same retning.

Framskriving av talet på hjelpemiddelbrukarar skal antyda ei retning for kva som kan ventast av hjelpemiddelbehov framover. At befolkninga blir eldre er velkjent, men framskrivingane vil likevel konkretisere og utfylle både tidsmessig og i volum.

Framskrivningar er alltid usikre. Folketalsframskrivingane har usikre føresetnader, og blir difor oppdatert anna kvart år. Framskrive tal på hjelpemiddelbrukarar per år vil også ha behov for oppdatering, for å vere relevante. Framskrivningane skisserer utviklinga i grove trekk, men vil ikkje kunne predikere alle årlege variasjonar. Desto lenger tidshorisont framover vi har, desto meir usikkerheit vil det vere ved resultata av framskrivingane.

¹ Personar med varig nedsett funksjonsevne kan låne hjelpemiddel frå Nav Hjelpemiddelsentral. Personar med kortvarig behov for hjelpemiddel får låne frå kommunen.

Data og metode

Vi har nytta SSB sitt hovudalternativ for forventa folketalsutvikling (alternativ MMMM), som indikerer eit mellomalternativ for fødselar, levealder, innvandring og innanlands flyttemønster.

Folketalsframskrivingane blir inndelt i 10-års aldersgrupper. Metoden for framskriving av brukartilgangen er å rekne inn ein erfaringsbasert faktor som indikerer risiko for at personar i kvar 10-års aldersgruppe skal få utlån av eit eller fleire hjelpemiddel eit bestemt år. Sannsynlegheita vil stort sett auke for stigande alder, og blir nytta til omrekning av tilsvarande aldersgrupper i SSB sine framskrivingar av folketal. Vi får då eit anslag på årleg brukartilgang fordelt på 10-års aldersgrupper.

Utviklingstrekk i befolkninga

Aldringa i befolkninga som vi får framover, har vi kjent til i mange år. Dei demografiske trekka som syner dette er tydelege. Det har vore tale om ei «eldrebølge». Men det er ikkje ei bølge i den forstand at den går tilbake til ein normal situasjon etter ei stund. Derimot vil vi få ei varig endring i aldersstrukturen i befolkninga. Den vil forsterke seg, og vil bli den nye normalsituasjonen heile dette hundreåret.

Fødselstala har gått nedover. Frå 2009 til 2024 har gjennomsnittleg tal på barn per kvinne (samla fruktbarheitstal) gått ned frå 1,98 til 1,44. Sidan 1974 har fødselstalet per kvinne variert mellom 2,0 og 1,6, men har etter 2017 gått under dette nivået. Talet på barn og unge dei neste åra framover måtte dermed skrivast ned ein del. I framskrivinga for 2024, mellomalternativet, blir fødselstalet sett til 1,5 fram til 2025, og deretter halde på eit årleg gjennomsnitt på ca. 1,7.

Som ei naturleg følgje av aldringa i befolkninga, vil det bli fleire døde per år framover. Den gjennomsnittlege levealderen har likevel vore sterkt aukande. For 2024 var den i gjennomsnitt på 81,6 år for menn og 84,8 år for kvinner. Nye framskrivingar tek omsyn til at denne vil fortsette å auke. For 2050 er anslaget at den kan vere på 86,0 år for menn og 88,3 år for kvinner. Aukande levealder er ein indikasjon på betring i folkehelsa. Fleire ting kan medverke til dette. Betre helse generelt kan medverke til at ein får fleire

leveår som frisk, at sjukdom og funksjonstap som følger med alderen først slår inn på seinare tidspunkt. Det kan også vere at fleire livstruande sjukdomar har fått ein større overlevingsprosent, og at ein får fleire leveår til tross for sjukdom og funksjonsvanskar.

Sjølv med stabile fødselstal framover vil vi etter kvart få eit kryssingspunkt der fødselsoverskotet blir negativt, og netto innvandring vil vere den faktoren som utgjer ein eventuell vekst i folketalet. Den demografiske endringa vi også bety eit misforhold mellom tilgang til og avgang frå arbeidsstyrken. Mangel på arbeidskraft vil vere ein merkbar trend i åra framover. I Nav si bedriftsundersøking blir dette dokumentert nærmare (*Skjøstad m.fl. 2025*).

Folketalsutvikling 2024–2050, relevans for brukartilgang til hjelpemiddelsentralane

I framskrivinga for 2024 er det gjort vesentlege endringar i prognosane i høve til førre framskriving frå 2022. Veksten i folketalet samla sett er redusert. Folketalsveksten var på om lag 1,3 prosent per år omkring 2010. Den er no på ca. 0,7 prosent, og vil etter alt å dømme gå vidare ned framover. Den vil kunne vere på ca. 0,1 prosent omkring 2050. Dette som følgje av anslått lågare fødselstal framover, og mindre netto innvandring. Levealderen vil framleis auke, men med fleire i dei høgare aldersgruppene blir det også fleire døde per år. Fødselsoverskotet blir borte, og vekst i folketalet blir avhengig av netto innvandring.

Fødselstal

Det har vore nedgang i fødselstal dei siste åra, det vil seie talet på barn per kvinne i fruktbar alder. For 2024 var dette talet på ca. 1,4 per kvinne. Nye framskrivingar, hovudalternativet, aukar dette talet til 1,57 for 2025, og etter det aukar talet til gjennomsnittleg 1,66 for åra framover. Det er klart lågare enn det som har vore gjennomsnittet dei siste tiåra. Konsekvensen blir eit anslag på langt færre barn og unge dei neste åra, og lågare vekst i folketalet. Låge fødselstal forplantar seg også til neste generasjon, med omsyn til talet på barnefødselar, og for tilgangen til den samla arbeidsstyrken på sikt.

Levealder

Prognosane framover anslår at gjennomsnittleg levealder framleis skal auke. På kort sikt ser det sannsynleg ut, på lang sikt er det meir usikkert. Samanlikna med framskrivinga for 2018, så er prognosen for gjennomsnittleg levealder auka, for menn med 0,2 år i 2040 og med 0,5 år i 2060. For kvinner med 0,3 år i 2040 og med 0,6 år i 2060.

Dei neste tiåra blir det fleire personar i dei aldersgruppene som nyttar mest av helse- og omsorgstenester, treng tilrettelagte bustader, og som blir brukarar av hjelpemiddel.

Høgare levealder betyr etter alt å dømme gjennomsnittleg betre helsetilstand i eldre aldersgrupper samanlikna med tilsvarende aldersgruppe nokre år tilbake. Det kan bety at aldersrelaterte fysiske problem opptrer seinare, at fleire typar fysiske problem kan kurerast, eller at ein lever lenger enn før med fysiske problem og funksjonsvanskar. Ein vedhaldande aukande levealder vil ha innslag av alle desse tendensane. Framskrivingane i denne samanheng skil elles ikkje mellom brukarar som har behov for enkle hjelpemiddel for avgrensa problem, og dei som må ha komplekse hjelpemiddel eller mange ulike hjelpemiddel for å fungere i dagleglivet.

Innvandring

Innvandring til Noreg varierer sterkt. I åra 2005 til 2018 var netto innvandring stor, men er sidan redusert til og med 2021. Framskrivingane for 2020 reduserte anslaget for netto innvandring i forhold til tidlegare framskrivingar. Flyktningar frå Ukraina har snudd dette biletet. Eit høgt tal på ukrainarar har blitt busett i Noreg, og blitt den desidert største gruppa av nye immigrantar. Ein stor del av dei må ventast å vere i Noreg over lang tid. Innvandringa var betydeleg større i 2022 og 2023 enn framskrivingane frå 2022 indikerte. I framskrivingane for 2024 er det i mellomalternativet estimert at innvandringa bli litt mindre enn dei to siste åra, men framleis på eit høgt nivå.

Bidraget frå netto innvandring til folketalsveksten er usikker. Etter som fødselsoverskotet bli mindre blir innvandring den faktoren som kunne bidra til vekst i folketalet, og til å supplere arbeidsstyrken. Arbeidsinn-

vandring frå europeiske land har vore vanleg dei siste åra, men vil ikkje vere like vanleg framover. Flyktningar frå Ukraina er i dag den største gruppa av nyare innvandrarar. Sidan flyktningar er i alle aldersgrupper er det ikkje alle av desse som inngår i arbeidsstyrken.

Innanlands flyttemønster

Hovudtendensen i innanlands flyttemønster har i store trekk handla om sentralisering, det vil seie ein flyttestraum i retning av dei største byane og nærliggande kommunar. Framskrivingane tilseier at dette vil fortsette dei neste åra.

I dei større byane er det høg inn- og utflytting, og eit tilflyttingsoverskot som varierer, men som ikkje alltid er så stort. Det har samanheng med kommunegrenser, og kva areal dei har disponibelt for vekst. I kommunar nær dei store byane er det gjerne stor tilflytting. Dei kan vere innanføre pendlaravstand til storbyen, og det er vanlegvis gode kommunikasjonar. Slike kommunar har til dels dei høgaste prognosane for folketalsvekst i landet. Vi ser dette tydelegast i mange kommunar i Akershus, men også i nabokommunar omkring Bergen, Trondheim og Stavanger. Oslo-området står i ei særstilling. Det er sterk vekst i regionen samla, og veksten fordeler seg på byen og nabokommunane. Faktorar som reiseavstandar, bustadtilgang og prisane på bustader er faktorar som har betydning.

Fråflyttinga har vore markant i ein del små og lite sentrale kommunar. Effekten av utflytting kan vere merkbar i små lokalsamfunn. Mangel på arbeidskraft, reduksjon av offentlege tilbod og tenester kan vere konsekvensar. Det gjer det mindre attraktivt å busette seg der, og å få til nyetableringar av verksemder. Ein større del av innanlands flytting kjem likevel frå mellomstore byar og tettstader, med middels eller låg sentralitet. Flytting går gjerne til større byar og kommunar i sentrale område.

Framskrivingane for kommunar er likevel, som andre framskrivingar, skjematiske, og vidarefører allereie kjente trekk. I innanlandsk flyttemønster kan det i mange tilfelle oppstå unntak frå hovudtendensen. Utviklinga kan ta andre retningar enn framskrivingane tilseier. Det kan vere i form av nye tilflyttingar og ny aktivitet i lite sentrale kommunar.

Årleg tilgang på hjelpemiddelbrukarar 2024–2050, heile landet

For landet samla tilseier framskrivingane at vi får ein sterk auke i det årlege talet på brukarar av hjelpemiddel framover. For 2030 kan vi rekne med ei auke på 15 prosent frå 2024, som ein rein demografisk effekt. For 2040 vil auken kunne bli på 40 prosent. For 2050 vil vi med denne utrekninga ha ei auke på 62 prosent, i forhold til 2024. Tabell 1 syner anslag over brukartilgang framover mot 2050. Som ein følgje av aukande tal eldre i samfunnet blir det også ein aukande del av alle brukarar som vil vere i eldre aldersgrupper. I tillegg vil ein høgare del av befolkninga ha behov for hjelpemiddel framover.

Tabell 1. Framskriving av årleg tal på brukarar med utlån frå hjelpemiddelsentralane, 2024–2050, og prosentvis endring. Heile landet og per fylke

År	Brukar-tilgang	Endring frå 2024, prosent	Andel brukarar 70 år og over	Brukarar i prosent av folketal
2024	173 862		60,0	3,1
2030	200 420	15,3	64,7	3,5
2035	220 924	27,1	67,9	3,8
2040	242 858	39,7	70,8	4,1
2045	261 905	50,6	72,7	4,3
2050	282 396	62,4	74,2	4,6


Figur 1 syner framskrive auke i brukartilgang fram mot 2050 etter aldersgrupper. Det er berre talet i dei eldre aldersgruppene som har auke, medan talet i dei yngre aldersgruppene er stabile. Dette er ein effekt av endringane i alderssamansetjinga generelt. Det gir signaler til den framtidige hjelpemiddelformidlinga, om kva hovudretningar og prioriteringar som er naudsynte framover. Hjelpemiddelformidling som ledd i generell eldreomsorg vil få stadig større betydning.

Vi vil i det følgjande differensiere hovudtendensen noko, ved å sjå på utvikling per fylke og vidare på kommunar og kommunegrupper.

Årleg tilgang på hjelpemiddelbrukarar 2025–2050, framskriving per fylke


Vi har gjort framskrivingar av årleg brukartilgang for kvart fylke. Vi er interessert i dei variasjonane mellom fylke som vi kjenner til frå demografisk utvikling, og kva utslag dette gir når det gjeld årleg brukartilgang framover. Nav har i hovudsak ein hjelpemiddelsentral i kvart fylke, med nokre unntak. Desse skal hjelpe brukarar og hjelpe kommunane i å finne riktige hjelpemiddelløysingar, sørge for installering og opplæring, og å sørge for gjenbruk av hjelpemiddel.

Figur 1. Framskriving av utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Heile landet



Kjelde: Nav

Figur 2. Framskriving av auke i årleg brukartilgang fram mot 2030, 2040 og 2050, fordelt på fylke. Prosent



Kjelde: Nav

Figur 2 syner anslått prosentvis auke i årleg brukartilgang, fram mot 2030, 2040 og 2050, for heile landet og for kvart fylke.

For heile perioden ser vi at Akershus vil få den sterkaste auken. Akershus har fleire store kommunar relativt nært til Oslo, som har hatt sterk folketalsutvikling i mange år, og som framleis har tydeleg vekst. Utbygging og etablering av store bustadområde, allereie for ein del år tilbake, gir ei oppsamling av menneske i same generasjon. Det blir store grupper som er etablert samtidig, og som også blir eldre samtidig. For fylket samla sett blir det ein sterkare auke i brukartilgang enn i andre fylke. Under kapitelet om kommunegrupper har vi med ei nærmare differensiering av utviklinga i Akershus.

Oslo kjem også til å ha sterk vekst i brukartilgang. Som storby har Oslo ein spesiell demografi, stor innflytting av yngre folk, stor utflytting av folk i etableringsfasen, og relativt sterk folketalsvekst. Mykje av folketalsveksten i Oslo-regionen kjem i Akershus, men likevel ein stor del innanfor Oslo sine grenser.

Andre fylke, som Østfold, Vestfold, Agder og Rogaland vil også ha sterk auke i brukartilgang. I desse fylka har vi relativt store byområde, som i ein del år hatt stor etablering av folk i yngre aldersgrupper.

I statistikkdelen sist i notatet er det ein del folketals- og brukarstatistikk fordelt på fylke. Vi viser til denne.

Årleg tilgang på hjelpemiddelbrukarar 2025–2050, kommunegrupper

Framskriving av tilgang av hjelpemiddelbrukarar på kommunenivå er gjort på den måten at større kommunar har eigen framskriving, medan dei mindre kommunane er gruppert, etter region og distrikt, og om dei har felles kjenneteikn når det gjeld sentralitet. Denne inndelinga vil kunne gi eit bilete av kva typar kommunar som vil få høg eller låg brukartilgang dei neste tiåra.

Materialet omkring kommunegrupper er for omfattande til å kunne ta med i denne rapporten. Her vil det berre vere ei oppsummering og nokre døme på kommunar og kommunegrupper i ulike kategoriar. Oversyn over kommunegrupper er teke med i statistikk-

vedlegget. Materialet samla vil vere tilgjengeleg for interesserte.

Vi har som ei grov inndeling nytta følgande kategoriar:

- Storbyar
- Bynære nabokommunar
- Mellomstore byar og tettstader
- Mindre sentrale kommunar og kommunegrupper

Storbyar

Dei største byane har gjerne høg innflytting og høg utflytting, helst av yngre folk, studantar mv. Dei har også ein variert arbeidsmarknad og andre tilbod, som gjer det attraktivt å busette seg der, eller flytte til nærliggande nabokommunar. Storbyane har gjerne ein stabil vekst i folketalet, litt avhengig av kva type areal som er tilgjengeleg for vekst. Byar med store areal har rom for folketalsvekst i eigen kommune, som igjen blir fleire hjelpemiddelbrukarar på sikt. For byar med små areal vil folketalsveksten skje i nabokommunane. På sikt vil storbyane ha høg, men jamn tilgang på hjelpemiddelbrukarar.

Tabell 2. Framskriving av årleg tal på brukarar med utlån frå hjelpemiddelsentralane. Kommunar og kommunegrupper, 2024–2050. Prosentvis endring

Kommune / Kommunegruppe	Endring 2024-2030	Endring 2024-2040	Endring 2024-2050
Oslo	15,7	43,3	71,1
Bergen	13,5	37,0	61,2
Trondheim	17,7	46,3	72,6
Stavanger	14,7	42,8	70,8

Bynære nabokommunar til storbyane

I denne gruppa har vi kommunar med den høgaste veksten i folketalet. Dei er i varierende avstand til storbyen, men vil ha rimeleg kort avstand for reiser til arbeid eller andre aktivitetar. Utbygging av vegar og jernbane har gjort reisetida kortare. Det fører til at fleire kommunar vert inkludert i denne kategorien. Det mest typiske dømet er kommunane i Akershus. Dei kommunane som er nærast til Oslo har hatt folketalsvekst i mange år, medan kommunane lenger ut har ein nyare vekst. Når mange i same generasjon etable-

rer seg samtidig i bestemte område, vil vi også kunne lese det av når dei blir eldre, og gradvis får behov for hjelpemiddel. På sikt er det denne typen kommunar som vi ha høgast auke i talet på hjelpemiddelbrukarar per år. I tabell 3 har vi teke med nokre døme.

Tabell 3. Framskriving av årleg tal på brukarar med utlån frå hjelpemiddelsentralane. Kommunar og kommunegrupper, 2024–2050. Prosentvis endring

Kommune / Kommunegruppe	Endring 2024-2030	Endring 2024-2040	Endring 2024-2050
Vestby, Ås	22,5	53,2	89,9
Frogn, Nesodden	19,2	50,9	82,8
Rælingen, Enebakk, Lørenskog	23,5	57,2	95,3
Ullensaker	19,4	52,4	99,0
Sola, Randaberg, Kvitsøy	15,1	44,7	81,7
Askøy, Øygarden	19,5	50,6	81,8

Mellomstore byar og tettstader

Desse kommunane varierer i folketal, og i grad av sentral plassering. Ein del av dei ligg relativt sentralt medan andre har stor avstand til storbyar, og er eigne regionsentra. Dei har varierende grad av vekst i folketalet, men ein del i denne kategorien har låg vekst, og kan ha stor utflytting av yngre folk. Anslag for auke i talet på hjelpemiddelbrukarar framover vil også vere lågare enn for dei større byane og kommunane rundt desse. I tabell 4 har vi teke med nokre døme.

Tabell 4. Framskriving av årleg tal på brukarar med utlån frå hjelpemiddelsentralane. Kommunar og kommunegrupper, 2024–2050. Prosentvis endring

Kommune / Kommunegruppe	Endring 2024-2030	Endring 2024-2040	Endring 2024-2050
Halden	15,8	40,6	62,7
Notodden	12,9	33,0	49,0
Farsund	15,1	32,6	47,4
Voss	11,0	30,3	44,1
Namsos, Flatanger	11,0	28,6	41,0
Narvik	9,8	27,3	37,7
Vardø, Vadsø, Nesseby	15,8	35,7	49,8

Mindre sentrale kommunar og kommunegrupper

Kommunegruppene i denne kategorien er svært ueinsarta, med ulik storleik og sentralitet. I denne kategorien er kommunane i hovudsak gruppert i større einingar, mest fordi kvar eining ikkje skal bli for liten. Stort sett vil vi her ha kommunar med liten eller ingen vekst i folketalet. Dei har i mange tilfelle allereie høg grad av aldring i befolkninga. Framtidig tilgang av hjelpemiddelbrukarar vil vere lågare enn i andre typar kommunar. Det har samanheng med at mange av dei yngre innbyggjarane allereie har flytta til meir sentrale område. Denne flytteprosessen har vi hatt i mange år. Dei aldersgruppene som blir hjelpemiddelbrukarar dei neste åra, kan vere ganske fåtalig. Det finnes ein del unnatak frå dette, men i store trekk vil det vere hovudtendensen framover. Tabell 5 syner nokre døme.

Tabell 5. Framskriving av årleg tal på brukarar med utlån frå hjelpemiddelsentralane. Mindre sentrale kommunar og kommunegrupper, 2024-2050. Prosentvis endring

Kommune / Kommunegruppe	Endring 2024-2030	Endring 2024-2040	Endring 2024-2050
Lesja, Dovre, Vågå, Lom, Skjåk, Sel	8,9	24,8	31,5
Suldal, Saurdal	7,3	23,1	34,5
Eidfjord, Ulvik, Ullensvang	8,7	22,5	34,0
Ørland, Åfjord, Osen, Indre Fosen	11,8	20,7	42,1
Vefsn, Grane, Hattfjelldal	10,8	23,9	35,0
Kvæfjord, Tjeldsund, Ibestad, Gratangen, Lavangen	11,6	27,8	39,1

Kva type hjelpemiddel vil det vere meir behov for framover?

Gruppa av hjelpemiddelbrukarar 80 år og eldre vil auke sterkt i tal, uavhengig av geografisk stad. I og med at auken i brukartilgang i hovudsak er blant eldre aldersgrupper, vil det vere naturleg å sjå på kva typar hjelpemiddel som er mest i bruk for denne alders-

gruppa i dag. Det er i stor grad ganghjelpemiddel, tilpassing av bustad, med omsyn til toalett og hygiene, tilpassing av kjøkken, soverom og andre opphaldsrom. I tillegg kjem hjelpemiddel for syn og høyrsel. Slike tradisjonelle hjelpemiddel vil det framleis bli behov for, i stadig aukande volum.

I tillegg til tradisjonelle hjelpemiddel vil vi i aukande grad få inn teknologibaserte hjelpemiddel, omgivnadskontroll, hjelpemiddel for kommunikasjon, varsling og alarm. Bruk av mobiltelefon og nettbrett blir meir vanleg for å kommunisere og styre ulike funksjonar. Eldre personar vil dei neste tiåra ha kompetanse på bruk av datautstyr og kommunikasjonshjelpemiddel i langt større grad enn tidlegare generasjonar. Det vil også legge meir press på stønadsordningane, i retning av teknologisk utstyr som hjelpemiddel.

Dei som blir eldre dei neste tiåra vil også ha andre forventningar til kva type aktivitetar og arenaer ein skal kunne delta på. Det vil kunne vere trening og fritidsaktivitetar. Mange vil bruke hytta, også når det oppstår behov for hjelpemiddel for å kunne bruke den.

Spørsmålet om best mogeleg tilpassing av bustad vil vere heilt sentralt dei neste tiåra. Det vil gjelde alle type bustader. Det kan ikkje ventast at bygging av omsorgsbustader vil halde følgje med talet på eldre personar dei neste åra. Utfordringa vil arte seg forskjellig avhengig av kva type kommune og kva type bustader som er mest vanleg.

I byar og tettstader med høg konsentrasjon av brukarar framover, vil det kunne ligge til rette for ulike former for kollektive løysingar. Det gjeld for eksempel med eldrebustader i blokk, i offentleg eller privat regi. Det gjer det enklare å tilpasse bustader i det talet som skal til for å møte aldringa i befolkninga. Til dømes kan det vere felles system for alarm, varsling, besøks-teneste, og andre kommunale eller private tiltak for omsorg og velferd.

I mindre sentrale område vil det ikkje vere lagt til rette for kollektive løysingar på same måte. Med spreidd busetting vil det kunne bli meir tilpassing av enkeltbustader, og mindre høve til felles service og velferdstiltak.

Framskriving av kostnader til kjøp av hjelpemiddel

Framskriving av den årlege brukartilgangen for utlån av hjelpemiddel, er ei reindyrking av den demografiske faktoren for den samla ekspansjonen på dette området. Når det gjeld kostnader til innkjøp av hjelpemiddel framover, må vi ta omsyn til andre faktorar i tillegg:

- Teknologisk utvikling
- Vriding mot dyrare produkt
- Endring i brukarane sine forventningar til tilrettelegging for aktivitetar, som kan bety fleire hjelpemiddel per brukar i gjennomsnitt.
- Endring i verdi av gjenbruk
- Prisauke

I budsjettering av utgifter framover i tid har vi vanlegvis ikkje med vanleg prisstigning, men nyttar faste kroner. Anslåtte kostnader blir prisregulert i etterkant med anslag for konsumprisindeks. Reell prisstigning kan i periodar likevel vere høgare enn konsumprisindeksen (KPI). Ettersom dei fleste hjelpemiddel er importert, kan det bli høgare kostnader knytta til produksjon og transport. Endringar i valutakursar kan også gi ein valutaeffekt som gjer hjelpemidla dyrare.

Vi har i arbeidet med en rapport om utviklingstrekk i folketrygda (*Nav 2025a*) anslått ei auke i utgifter til 2030 på ca. 36 prosent, dvs. ca. 6 800 mill. kroner, målt i 2024-kroner. Det er svært usikre anslag. Den demografiske effekten, i form av auka tilgang av brukarar, er rekna til 15 prosent i same periode. Vurdering av kostnadene framover i tid er uansett vanskeleg og vil vere usikre.

Endringar i stønadsreglar eller praktisering av regelverk som kan påvirke brukartilgangen og framtidige kostnader har vi ikkje teke omsyn til i framskrivingane. Utgangspunktet er reglar som gjeld i dag. Framtidige endringar vil ein måtte legge inn i reviderte framskrivingar seinare. Det vil også gjelde for grenser mot andre instansar sine ansvarsområde, for eksempel det ansvaret som kommunane har for tenester og tilrettelegging mot brukarane.

Framskriving årleg brukartilgang ortopediske hjelpemiddel


Vi har i tillegg til framskriving av hjelpemiddelbrukarar med utlån også laga framskrivingar for brukarar av ortopediske hjelpemiddel. Det er nytta den same framgangsmåten for desse framskrivingane, som for gruppa av hjelpemiddelbrukarar med utlån. I talet på brukarar av ortopediske hjelpemiddel er det inkludert dei som får stønad til protesar, ortosar og ortopedisk fottøy. Dei som får produkt som parykk, augeprotese og brystprotese er ikkje med i brukartalet. Vi har berre sett på tal for heile landet samla.

For brukarar av ortopediske hjelpemiddel ser vi eit anna mønster for utvikling i tilgangen dei neste åra. Auken i brukartilgang er langt mindre. Dette kjem av at ein stor del av brukarane startar med ortopediske hjelpemiddel i yngre alder enn for andre hjelpemiddel. Ein vesentleg del av brukarane er i aldersgruppa 50–70 år. Det vil seie at effekten av aldring i befolkninga som vi ser slår inn på denne tida for bruk av andre hjelpemiddel, allereie har slått inn for mange år sidan på ortopediske hjelpemiddel. Aldringseffekten på dette området har vi i stor grad allereie hatt. Veksten framover blir difor lågare enn for andre hjelpemiddel. Det som innverkar i motsett retning er at brukarane av ortopediske hjelpemiddel får gjennomsnittleg langt fleire år som brukarar, i og med at så pass mange startar med slike hjelpemiddel i yngre alder.

Tabell 6. Framskriving av årleg tal på brukarar av ortopediske hjelpemiddel, 2024–2050, og prosentvis endring. Heile landet og per fylke.

År	Brukar-tilgang	Endring frå 2024, prosent	Andel brukarar 70 år og over	Brukarar i prosent av folketal
2024	87 603		28,2	1,6
2030	93 301	6,5	30,7	1,6
2035	97 082	10,8	32,6	1,7
2040	100 321	14,5	34,7	1,7
2045	103 479	18,1	36,4	1,7
2050	106 065	21,1	37,0	1,7

Figur 3. Framskrive utvikling i tilgang brukarar av ortopediske hjelpemiddel, etter aldersgrupper, 2024–2050. Heile landet



Kjelde: Nav

Framskriving årleg brukartilgang for andre stønader

Vi har i denne omgang ikkje gjort spesielle framskrivingar for andre stønader enn for hjelpemiddel gjennom hjelpemiddelsentralane og for ortopediske hjelpemiddel.

Brukartilgang, høyreapparat

Brukarar av stønad til høyreapparat har ein aldersmessig samansetjing som omtrent svarar til ordinære hjelpemiddel. Berre ein liten del personar nyttar høyreapparat i yngre aldersgrupper. Bruken aukar med alderen. Brukargruppene 70 år og over er klart størst. Desse vil naturleg nok auke mest også dei neste åra. Utgiftene vil difor også auke framover.

Brukartilgang, stønad til bil

Brukartilgangen på bilstønad skil seg klart frå andre hjelpemiddelområde. For stønad til bil er det yngre personar som utgjør den største brukargruppa. Som regel er meir enn halvparten av dei som får utlevert bil gjennom bilstønadsordninga under 40 år. Aldersgruppa 67 år og over utgjør i underkant av 10 prosent av mottakarane. Aldring i befolkninga, som har sterk effekt på andre hjelpemiddelområde, får lite effekt på

bilstønaden. Ein vesentleg forskjell frå andre stønader er at ein ikkje får stønad til bil for funksjonsvanskar som oppstår etter fylte 70 år. Det samla talet på personar som har bilstønad har også gått svakt nedover. Vi reknar med at dette talet heller ikkje vil auke framover.

Konklusjon

Hjelpemiddelformidling som ledd i generell eldreomsorg vil få stadig større betydning.

Kommunane sine velferdstenester skal vere førstelinja. Den primære brukarkontakten vil difor ligge der. Hjelpemiddelsentralane er kompetansesentra som hjelper til med rådgeving, leveransar av hjelpemiddel og andre tiltak. Samarbeidet mellom partane er ei føresetnad for å dekke brukarane sine behov. Kommunane har likevel sine budsjetttrammer som dei må halde seg innaføre. Mangel på fagpersonell kan vere ein annan faktor. At leveransar av hjelpemiddel ikkje er rammestyrt, vil vere ei føresetnad for å dekke det aukande volumet som vi har sett oppstår over heile landet.

Den årlege tilgangen på brukarar framover vil auke. Auken varierer mellom fylke og type kommune, alt etter trekk ved demografien. Tilpassing av bustader blir ein nøkkelfaktor. Til ein viss grad kan ulike former for lettstelte bustader avhjelpe behovet, men ingen ting tyder på at det blir tilstrekkeleg utbygging av den type bustader i høve til auke i talet på eldre personar. Bustadene er ueinsarta, frå spreidd busetnad i bygdene, til tettare busetnad i sentrale område. I større byar spesielt består bygningsmassen til dels av gamle bustadblokker utan heis.

I tida omkring 1980 var ideen om å bygge opp egne hjelpemiddelsentralar i ferd med å bli realisert. Eit teoretisk rammeverk var lagt, og prøvedrift av den første hjelpemiddelsentralen kom i gang i Telemark. Ein grunnleggande ide var å senke avstanden mellom individet sine føresetnader og miljøet sine krav. Ei meir systematisk hjelpemiddelforsyning for individuelle brukarar var viktig, men vekt på universell utforming og å ta bort tersklane i miljøet var like viktig. Desse ideane må vi framleis ha med dei neste tiåra.

I tillegg til bustad er det mange andre arenaer som må leggjast til rette for å sikre brukarane eit fullverdig liv. Det inkluderer også sosiale aktivitetar. Auken i brukartilgang vil krevje større mengder hjelpemiddel. Universell utforming vil vere viktig i tillegg til individuelle hjelpemiddel.

Referansar

Gjerde, Sigurd (2016). Brukarar av hjelpemidler i åra framover. *Arbeid og velferd*, 3 – 2016. <https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/kunnskap/analyser-fra-nav/arbeid-og-velferd/arbeid-og-velferd/brukarar-av-hjelpemidler-i-ara-framover>

Nav (2025a). Utviklingstrekk i folketrygden 2013–2033. *NAV-rapport*, 1 – 2025. https://data.nav.no/fortelling/utviklingstrekk_folketrygden_2013_2033/

Nav (2025b). Omverdensanalyse 2025–2035 (NAV-rapport nr. 5–2025). <https://data.nav.no/fortelling/omverdensanalysen2025>

Skjøstad, O., Sørbø, J. og Myklatun, K.H. (2025). Navs Bedriftsundersøkelse 2025: Stor mangel på folk med fagbrev. *NAV-rapport*, 4 – 2025. *04-25-Nav-rapport-Navs bedriftsundersøkelse 2025. Stor mangel på folk med fagbrev (2).pdf*

Tømmerås, A. og Thomas, M.J. (2024). Nasjonale befolkningsframskrivinger 2024. *Statistisk sentralbyrå, Rapporter*, 21 – 2024. <https://www.ssb.no/befolkning/befolkningsframskrivinger/artikler/nasjonale-befolkningsframskrivinger-2024>

Vedlegg

Statistikk for folketal og brukartilgang fordelt på fylke

I denne delen er det presentert tabellar og figurar som syner folketalsutvikling og tilgang av hjelpemiddelbrukarar for kvart fylke. Det er nytta fylkesinndeling som er aktuelle etter 1. januar 2024.

Tabell 7. Befolkningsframskriving. Folketal 2024, anslag folketal 2030–2050, og prosentvis endring frå 2024. Heile landet og per fylke.

Fylke	Folketal 2024	Folketal 2030	Folketal 2040	Folketal 2050	Endring 2024-2030	Endring 2024-2040	Endring 2024-2050
Østfold	312 152	324 796	342 582	355 556	4,1	9,7	13,9
Akershus	728 803	774 793	831 871	874 159	6,3	14,1	19,9
Oslo	717 710	748 745	794 224	817 225	4,3	10,7	13,9
Innlandet	376 304	384 273	391 528	395 404	2,1	4,0	5,1
Buskerud	269 819	280 526	294 508	304 611	4,0	9,2	12,9
Vestfold-	256 432	265 584	277 890	286 521	3,6	8,4	11,7
Telemark	177 093	181 070	184 198	185 686	2,2	4,0	4,9
Agder	319 850	332 862	348 138	358 011	4,1	8,8	11,9
Rogaland	499 417	516 262	533 519	543 550	3,4	6,8	8,8
Vestland	651 299	665 860	683 693	691 788	2,2	5,0	6,2
Møre og Romsdal	270 624	275 302	278 931	279 339	1,7	3,1	3,2
Trøndelag	482 956	499 343	518 772	529 458	3,4	7,4	9,6
Nordland	243 081	245 091	244 200	241 234	0,8	0,5	-0,8
Troms-	169 610	173 237	175 618	175 548	2,1	3,5	3,5
Finnmark	75 053	76 821	77 270	76 810	2,4	3,0	2,3
Heile landet	5 550 203	5 749 712	5 993 766	6 135 899	3,6	8,0	10,7

Tabell 8. Befolkningsframskriving. Prosentdel av befolkninga over 70 år og over 80 år, 2024–2050. Heile landet og per fylke.

Fylke	Andel over 70 år 2024	Andel over 70 år 2030	Andel over 70 år 2040	Andel over 70 år 2050	Andel over 80 år 2024	Andel over 80 år 2030	Andel over 80 år 2040	Andel over 80 år 2050
Østfold	14,9	16,6	19,6	21,9	4,9	6,7	8,1	10,3
Akershus	12,1	13,5	16,7	19,4	4,2	5,5	6,8	9,1
Oslo	9,3	10,6	12,9	15,2	3,2	4,3	5,6	7,1
Innlandet	17,2	19,0	21,8	23,4	6,0	7,8	9,7	11,5
Buskerud	14,4	15,9	18,7	21,0	4,9	6,5	8,1	9,9
Vestfold-	15,3	17,2	20,5	22,6	5,2	6,8	8,8	10,9
Telemark	16,1	18,1	21,1	22,9	5,4	7,3	9,4	11,2
Agder	13,5	15,2	18,2	20,5	4,6	6,0	7,8	9,7
Rogaland	11,4	13,2	16,6	19,5	3,9	5,0	7,0	9,1
Vestland	13,5	15,3	18,3	20,4	4,8	6,2	8,1	10,0
Møre og Romsdal	15,2	17,4	20,3	22,0	5,3	7,0	9,3	11,0
Trøndelag	13,7	15,3	17,9	19,6	4,8	6,2	7,9	9,6
Nordland	16,1	18,2	21,5	22,7	5,8	7,5	9,6	11,7
Troms-	14,4	16,2	19,0	20,6	4,9	6,6	8,4	10,2
Finnmark	14,2	15,9	19,7	21,4	4,6	6,3	8,2	10,6
Heile landet	13,4	15,0	17,8	19,7	4,6	6,1	7,7	9,5

Tabell 9. Framskriving av årleg tal på brukarar med utlån frå hjelpemiddelsentralane, 2024–2050, og prosentvis endring. Heile landet og per fylke.


Fylke	Brukartilgang 2024	Brukartilgang 2030	Brukartilgang 2040	Brukartilgang 2050	Endring 2024-2030	Endring 2024-2040	Endring 2024-2050
Østfold	10 348	12 097	14 774	17 446	16,9	42,8	68,6
Akershus	21 786	25 708	31 992	39 244	18,0	46,8	80,1
Oslo	17 832	20 631	25 556	30 502	15,7	43,3	71,1
Innlandet	13 824	15 762	18 562	20 823	14,0	34,3	50,6
Buskerud	8 809	10 220	12 370	14 466	16,0	40,4	64,2
Vestfold	8 694	10 091	12 373	14 526	16,1	42,3	67,1
Telemark	6 188	7 142	8 520	9 601	15,4	37,7	55,2
Agder	10 110	11 682	14 289	16 779	15,5	41,3	66,0
Rogaland	14 349	16 473	20 396	24 425	14,8	42,1	70,2
Vestland	20 788	23 662	28 555	32 959	13,8	37,4	58,5
Møre og Romsdal	9 312	10 551	12 690	14 237	13,3	36,3	52,9
Trøndelag	15 310	17 597	21 172	24 359	14,9	38,3	59,1
Nordland	8 638	9 765	11 456	12 722	13,0	32,6	47,3
Troms-	5 492	6 294	7 475	8 382	14,6	36,1	52,6
Finnmark	2 379	2748	3 294	3 756	15,5	38,5	57,9
Heile landet	173 862	200 420	242 858	282 396	15,3	39,7	62,4

Tabell 10. Prosentvis del av alle hjelpemiddelbrukarar med utlån per år som er 70 år eller eldre, og hjelpemiddelbrukarar per år som prosentvis del av folketallet. Heile landet og per fylke, 2024–2050.

Fylke	Andel brukarar over 70 år 2024	Andel brukarar over 70 år 2030	Andel brukarar over 70 år 2040	Andel brukarar over 70 år 2050	Andel brukarar i befolkn. 2024	Andel brukarar i befolkn 2030	Andel brukarar i befolkn 2040	Andel brukarar i befolkn 2050
Østfold	61,6	66,4	72,1	75,7	3,3	3,7	4,3	4,9
Akershus	56,8	61,5	67,9	72,7	3,0	3,3	3,8	4,5
Oslo	53,2	58,0	64,7	69,4	2,5	2,8	3,2	3,7
Innlandet	65,8	70,1	75,2	77,8	3,7	4,1	4,7	5,3
Buskerud	61,3	66,0	71,4	74,9	3,3	3,6	4,2	4,7
Vestfold	62,4	67,1	73,2	76,6	3,4	3,8	4,5	5,1
Telemark	63,7	68,6	74,3	77,2	3,5	3,9	4,6	5,2
Agder	59,6	64,3	70,7	74,4	3,2	3,5	4,1	4,7
Rogaland	55,3	60,3	68,2	73,1	2,9	3,2	3,8	4,5
Vestland	60,8	65,4	71,8	75,3	3,2	3,6	4,2	4,8
Møre og Romsdal	63,2	67,8	74,0	76,7	3,4	3,8	4,5	5,1
Trøndelag	60,9	65,5	71,3	74,4	3,2	3,5	4,1	4,6
Nordland	64,7	69,3	75,3	77,9	3,6	4,0	4,7	5,3
Troms-	61,8	66,9	72,7	75,7	3,2	3,6	4,3	4,8
Finnmark	60,6	65,5	72,5	76,1	3,2	3,6	4,3	4,9
Heile landet	60,0	64,7	70,8	74,2	3,1	3,5	4,1	4,6


Grafiske framstillingar av framskrive årleg brukartilgang etter aldersgrupper, per fylke

Figur 4. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Østfold




Kjelde: Nav

Figur 5. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Akershus




Kjelde: Nav

Figur 6. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Oslo




Kjelde: Nav

Figur 7. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Innlandet




Kjelde: Nav

Figur 8. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Buskerud




Kjelde: Nav

Figur 9. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Vestfold




Kjelde: Nav

Figur 10. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Telemark




Kjelde: Nav

Figur 11. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Agder




Kjelde: Nav

Figur 12. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024-2050. Rogaland




Kjelde: Nav

Figur 13. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024-2050. Vestland




Kjelde: Nav

Figur 14. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Møre og Romsdal




Kjelde: Nav

Figur 15. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Trøndelag




Kjelde: Nav

Figur 16. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024-2050. Nordland




Kjelde: Nav

Figur 17. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024-2050. Troms



Kjelde: Nav

Figur 18. Framskrive utvikling i årleg brukartilgang etter aldersgrupper, 2024–2050. Finnmark



Kjelde: Nav

Kommunar og kommunegrupper

Tabell 11. Framskriving av årleg tal på brukarar med utlån frå hjelpemiddelsentralane. Kommunar og kommunegrupper, 2024–2050. Prosentvis endring

Kommune / Kommunegruppe	Endring 2024-2030	Endring 2024-2040	Endring 2024-2050
Halden	15,8	40,6	62,7
Aremark, Marker, Rakkestad	14,8	39,0	60,6
Sarpsborg	15,6	37,1	60,0
Fredrikstad, Hvaler	16,8	43,8	70,0
Moss	18,3	44,4	72,7
Indre Østfold	17,6	45,6	73,9
Våler, Skiptvet, Råde	20,0	51,6	82,3
Vestby, Ås	22,5	53,2	89,9
Frogn, Nesodden	19,2	50,9	82,8
Nordre Follo	17,1	41,1	68,2
Lillestrøm	16,4	43,1	79,7
Rælingen, Enebakk, Lørenskog	23,5	57,2	95,3
Nittedal, Gjerdrum	18,7	47,1	86,5
Ullensaker	19,4	52,4	99,0
Aurskog-Høland, Nes	19,4	51,7	81,2
Eidsvoll, Nannestad, Hurdal	21,7	56,2	94,8
Lunner, Jevnaker	19,1	49,2	75,7
Bærum	13,6	39,7	68,2
Asker	17,0	43,9	74,7
Oslo	15,7	43,3	71,1
Kongsvinger	15,4	32,1	43,8
Eidskog, Grue, Åsnes, Våler	13,2	31,7	45,1
Løten, Stange, Sør-Odal, Nord-Odal	16,4	42,4	62,8
Hamar	16,8	41,0	58,7
Ringsaker	12,8	33,8	55,9
Elverum	14,4	34,1	50,1
Trysil, Åmot, Stor-Elvdal, Rendal, Engerdal	14,0	30,9	45,1
Alvdal, Tynset, Folldal, Tolga, Os	11,3	32,4	46,1
Lillehammer	14,7	37,0	54,7
Gjøvik	13,4	33,1	48,7
Lesja, Dovre, Vågå, Lom, Skjåk, Sel,	8,9	24,8	31,5
Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu, Øyer, Gausdal	12,6	28,6	43,1
Østre Toten, Vestre Toten, Gran	13,6	33,2	52,1
Søndre Land, Nordre Land, Etnedal	13,8	33,5	51,3

Kommune / Kommunegruppe	Endring 2024-2030	Endring 2024-2040	Endring 2024-2050
Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Øystre Slidre, Vestre Slidre, Vang	16,3	35,4	49,1
Drammen	15,7	36,9	60,2
Kongsberg	16,1	39,1	61,1
Ringerike, Hole	15,0	40,3	62,2
Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål, Hol	15,2	39,7	60,4
Lier, Øvre Eiker	18,3	47,8	80,1
Sigdal, Krødsherad, Modum	16,7	44,3	63,8
Flesberg, Rollag, Nore og Uvdal	12,5	38,5	57,7
Holmestrand	21,3	55,6	88,3
Horten	14,3	34,5	55,2
Tønsberg, Færder	14,8	41,3	67,1
Sandefjord	15,6	40,7	66,2
Larvik	17,3	43,9	64,3
Porsgrunn	14,8	37,6	58,3
Skien	15,7	37,9	57,0
Notodden	12,9	33,0	49,0
Bamble, Kragerø	19,1	40,5	52,5
Siljan, Nome, Midt-Telemark, Drangedal	14,3	37,6	56,0
Tinn, Hjartdal, Seljord, Kviteseid	13,7	34,5	46,7
Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje	15,1	41,2	59,4
Risør, Tvedestrand	17,3	43,4	58,0
Gjerstad, Vegårshei, Froland, Åmli, Iveland	18,7	47,6	76,9
Arendal	16,4	42,2	63,2
Grimstad	18,7	44,8	73,0
Lillesand, Birkenes, Vennesla	15,4	41,9	70,0
Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle	19,3	48,1	65,4
Kristiansand	14,8	42,4	71,7
Lindesnes	15,0	41,2	62,2
Lyngdal	15,0	35,2	55,4
Farsund	15,1	32,6	47,4
Flekkefjord	10,4	27,4	40,2
Kvinesdal, Hægebostad, Åseral, Sirdal	11,7	31,4	55,6
Eigersund	13,3	34,9	51,6
Sokndal, Lund, Bjerkreim	12,5	37,0	55,0

Kommune / Kommunegruppe	Endring 2024-2030	Endring 2024-2040	Endring 2024-2050
Hå, Klepp, Time, Gjesdal	17,3	47,4	81,3
Sandnes	16,4	48,2	82,7
Stavanger	14,7	42,8	70,8
Sola, Randaberg, Kvitsøy	15,1	44,7	81,7
Strand, Hjelmeland	14,0	37,0	60,6
Suldal, Sauda	7,3	23,1	34,5
Haugesund	14,5	41,1	65,4
Karmøy, Utsira	12,7	34,3	54,0
Bokn, Tysvær, Vindafjord	13,4	36,7	59,9
Bergen	13,5	37,0	61,2
Etne, Sveio, Bømlo	13,5	40,1	59,3
Stord, Fitjar, Austevoll	15,0	38,1	58,5
Tysnes, Kvinnherad, Kvam	12,3	28,8	39,9
Eidfjord, Ulvik, Ullensvang	8,7	22,5	34,0
Voss	11,0	30,3	44,1
Samnanger, Bjørnafjorden	18,4	48,6	74,9
Askøy, Øygarden	19,5	50,6	81,8
Vaksdal, Modalen, Osterøy, Masfjorden	10,2	32,1	49,3
Alver, Austrheim, Fedje	17,7	46,5	67,8
Gulen Solund, Hyllestad, Høyanger	9,9	26,0	39,5
Vik, Sogndal	12,3	30,6	43,1
Aurland, Lærdal, Årdal, Luster	9,5	27,9	41,1
Bremanger, Kinn	9,2	30,5	45,4
Askvoll, Fjaler, Sunnfjord	12,9	36,2	52,0
Gloppen, Stryn, Stad	12,2	33,1	46,6
Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid	12,5	35,7	55,2
Ørsta, Volda	11,2	31,8	44,9
Sykkylven, Stranda, Fjord	9,0	26,3	39,9
Ålesund	13,5	38,7	59,6
Sula, Giske, Haram	12,2	38,6	59,4
Vestnes, Rauma	12,5	33,4	46,8
Molde	15,1	38,5	54,5
Aukra, Hustadvika	15,3	37,3	53,1
Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Sunndal	13,5	36,5	51,3
Kristiansund	17,0	40,8	54,1
Surnadal, Smøla, Aure	12,4	31,1	40,6
Trondheim	17,7	46,3	72,6

Kommune / Kommunegruppe	Endring 2024-2030	Endring 2024-2040	Endring 2024-2050
Melhus, Skaun, Malvik	14,7	41,2	70,9
Hitra, Frøya, Heim	15,1	36,7	57,2
Ørland, Åfjord, Osen, Indre Fosen	11,8	28,7	42,1
Orkland, Rindal	11,2	31,2	47,4
Oppdal, Rennebu	14,6	31,4	44,1
Røros, Holtålen, Midtre Gauldal	13,0	30,0	43,3
Selbu, Tydal	10,1	29,0	48,8
Meråker, Stjørdal, Frosta	15,0	37,1	59,7
Levanger, Verdal	16,4	39,0	54,7
Steinkjer, Inderøy	12,5	31,1	43,4
Snåsa, Lierne, Røyrvik, Namskogan, Grong, Høylandet, Overhalla	8,6	22,7	34,3
Namsos, Flatanger	11,0	28,6	41,0
Nærøysund, Leka	10,0	26,7	43,6
Bindal, Sømna, Brønnøy, Vega, Vevelstad	13,3	31,9	44,9
Vefsn, Grane, Hattfjelldal	10,8	23,9	35,8
Herøy, Alstahaug, Leirfjord, Dønna, Nesna, Lurøy, Træna	15,7	38,5	56,6
Rana, Hemnes	11,6	28,9	42,4
Rødøy, Meløy, Gildeskål, Beiarn	9,7	27,5	38,2
Bodø	14,9	40,8	63,6
Saltdal, Fauske, Sørfold, Steigen, Hamarøy	15,9	34,1	44,4
Narvik	9,8	27,3	37,7
Vågan, Lødingen, Evenes	15,1	37,3	49,7
Røst, Værøy, Moskenes, Flakstad, Vestvågøy	11,2	30,0	45,2
Hadsel, Bø, Øksnes, Sortland, Andøy	12,8	29,9	42,7
Harstad	15,2	34,8	44,4
Kvæfjord, Tjeldsund, Ibestad, Gratangen, Lavangen	11,6	27,8	39,1
Bardu, Salangen, Målselv, Balsfjord	13,1	27,8	40,0
Senja, Sørreisa, Dyrøy	11,9	30,6	44,8
Tromsø	16,7	45,5	70,6
Karlsøy, Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvæangen	13,8	28,5	37,7
Alta	17,2	43,7	69,0
Hammerfest, Loppa, Hasvik	12,9	31,4	50,1
Måsøy, Nordkapp, Porsanger	14,5	36,0	49,1
Kautokeino, Karasjok	16,3	42,4	58,7
Lebesby, Gamvik, Berlevåg, Tana, Båtsfjord	15,6	38,9	58,2
Vardø, Vadsø, Nesseby	15,8	35,7	49,8
Sør-Varanger	15,9	40,2	62,2

UTGIVER
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 5, St. Olavs plass
0130 Oslo

OMBREKKING: Aksell AS
ISBN: 978-82-551-2555-6
ISSN: 1891-005X